



## DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

### MØTEBOK Balestrand sokneråd (SR).

**Møtedato:** 06 01 22

**Møtetid:** Kl. 19:30

**Møtestad:** Kyrkjestova, Tjugum.

**Desse møtte:** Kari Kvikne (leiar), Anne Karin Solheim Sjøthun, Berit Støle, Jenny Kristin Menes, Ole Eilifsen, Helge Ulvestad.

**Forfall:** Kjetil Netland, sokneprest, sjukemeld, Jan Herland, Kristi Nygård, Laila Vang, Per Tusvik.

**Vara:** Geir Sørebo, vikarprest deltok via skype.

### Saker: (alle vedlegg er merka gult)

#### Andakt ved Geir Sørebo.

#### 01/22: Godkjenning av innkalling.

Ingen merknad

#### 02/22: Godkjenning av referat frå førre møte. Jf vedlegg.

Ingen merknad

#### 03/22: Orienteringssaker:

- **Weekend Lyngmo den 11 13 feb. -22. Planlegginga så langt. Jf vedlegg**  
Usikkert om leiren kan haldast pga coronasituasjonen. Ein avventer til nye nasjonale signal den 14. januar.
- **Referat fellesråd 21 11 21 og 09.12.21. sjå vedlegg.**  
Helge refererte frå møta.
- **Andaktsliste frå diakoni. Sjå vedlegg**  
Teke til vitande
- **Referat Kyrkestove nemnda 21 11 21**  
Teke til vitande.
- **Vedtekter for utleige av Tjugum kyrkje. Jf vedlegg.**  
Soknerådet har ingen merknad til vedtektene.
- **Møtedatoar framover**  
3. februar, 3. mars, 12 mai  
Soknemøte: 27. mars
- **Dugnader Tjugum, Sæle og evt. Kvamsøy.**  
Flg datoar er sett: Tjugum 25. april, Sæle 2. mai, evt Kvamsøy 9. mai.  
Konfirmantar og konfirmantforeldre vert invitert til å delta i dugnaden.  
Kvikne stiller med betasuppe til dugnad Tjugum.  
Avklare om Silvia stiller med blomster. Anne Karin sjekkar.  
Behov for dugnad på Kvamsøy+6 vert drøfta når tida nærmar seg.

#### 04/22: Val av ny leiar.

Helge Ulvestad vart vald ved akklamasjon.

#### 05/22: Val av ny nestleiar.

Anne Karin Solheim Sjøthun vart vald ved akklamasjon

Særleg ansvar: Bankansvarleg med utbetalingar frå soknerådet sin konto.

**06/22: Val av ny sekretær.**

Ole Eilifsen vart vald ved akklamasjon.

**07/22: Val av kasserer.**

Kari Kvikne vart vald ved akklamasjoin

**08/22: Tildeling av offer. 4 vedlegg**

Ein drøfta prinsipp kring tildeling:

- 1/3 av offera til eige arbeid og 2/3 til eksternt arbeid.
- Offer til org som driv dei lokale leirstadane Lyngmo og Alværa.
- Geir minna om at det bør vere samanheng mellom tema i dagenstekst, evt særskilde dagar og kva ein ofrar til (eks: Bibeldagen – offer til Bibelselskapet).
- Lista vart justert i høve til desse prinsippa.
- Viser til vedlagt liste.

**09/22: Annonsering preik, jf mail frå Amedia**

Amedia har ikkje høve å trykke annonsar grunna hackerangrep.

Ein må difor sikre oppdaterte plakatar og facebook forutan at nettsida er oppdatert.

Forslag om å bygge opp SMS database og bruke dette som annonsering. Etter drøfting kom ein til at SMS ikkje bør nyttast ved vanlege gudstenester men ved særskilde høve og endringar

**Vedtak:**

1. Jostein lagar plakatar, Kari legg ut på facebook forutan at nettsida er oppdatert. SMS vert nytta ved særskilde høve og endringar.
2. Ein oppmodar kyrkjekontoret om å svare Amedia at vi har forståing for situasjonen som er oppstått ved hacking og ber om at systemet vert gjenoppretta så snart det kan la seg gjere.

**10/22: Orgel i Tjugum kyrkje.**

Orgelet er i dårleg forfatning, jf mail frå organistane Halgeir Westli og Arild Slinde.

På bakgrunn av den økonomiske situasjonen ynskjer soknerådet organisere innsamlingsaksjon og såleis redusere kostnadane med orgelrehabiliteringa.

Det er likevel viktig å presisere situasjonen overfor fellesrådet, at situasjonen er meir og meir prekær og at det må settast av midlar til restaurering av orgelet.

Ein ber vidare fellesrådet starte arbeid med kostnadsoverslag på arbeidet med sjølvge orgelet og ombygging av galleriet og vidare sjekke ut kva midlar ein kan søke

**11/22: Ymse:**

- Nye vedtekter for gravplassforvaltning.  
Soknerådet har ikkje merknad til vedtektene.
- Endring av innbetalingsordning av kontantar etter offer.  
Kari orienterte om endring til innbetaling gjennom bruk av bankkort som kasserar kan ha ansvar for. Pengane kan då settast inn i lokal forretning.
- Sal av plakatar for kyrkjevandring – Via Lucis og Dolorosa.  
Oppsettet er selt til totalt 61 kyrkjelydar og rekneskapen syner overskot på sal.  
Det er no laga eigen plakatserie for jula. Gjort på dugnad frå trykkeriet. Kjetil føreslår at vi betaler 3-4 timars arbeid.

Vedtak: Soknerådet støttar dette og takkar for flott arbeid med eit fint prosjekt.

**Med venleg helsing**  
**Kari Kvikne**  
**-leiar-**